

## And-delsbreva klare for sal

04.06.2013



**15. juni er Aktivitetsdagen og unge fotballspelarar er no på veg ut for å selja and-delsbrev til det store, tradisjonelle andeløpet frå Djupehølen til fjorden. Det kan og kjøpast på Spar, hos Gro, i Byggeriet og på Zjakk for 100 kroner.**

**Anbjørn Høvik i idrettslaget fortel at Steinar stiller med krut og muskedunder og Kurt og Bjarne ligg midt i djupålen med jolla klar til å ropa ut vinnarnummer**

Store gåvekot frå Sport1 bør lokka nokon kvar:  
Dei er på 5000, 3000 og 2000 kroner for dei beste.

Hvis ikkje andelsbreva vert rivne bort på førehand, er det kanskje nokon att for sal på sjølve dagen.

Over er Ivar Gundersen klar for andeslipp ved Djupehølen eit tidlegare år.

Foto: Ola Matti Mathisen